



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 23.09.20

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 23.09.20

Møtetid: 1630-1830

Møtestad: Heime hos leiar

Tilstades:

Namn: Siv Jane Rauboti, Sverre Mundal, Kari Bøyum, Berit Orheim, Hilde Supphellen, Mikael Bruun, Nils Distad

Ord for dagen v/ Mikael frå Johs 11

Referat og innkalling: Godkjent

Sak 23/20 Haustfesten for 70 +

Vedtak:

Dato 14/10 på Bedehuset, (alt. Bygdahuset ved stor påmelding). Kvinne-familielaget bidreg med det praktiske.

Sverre leier festen. Innbyding seinast 10 dagar før, samt kunngjering i kyrkja. Påmelding, skysstilbod.

Andakt (og kåseri ?) v. Mikael Bruun. Eivind Ødegård blir spurt om songinnslag og til å leie allsang.

Barnekoret blir spurt om medverknad. Alternativt blir Inna spurt om kåseri.

Siv Jane ordnar med innbyding/program, også kopiering. Berit og Sverre køyrer ut innbydingane. Hilde tek Supphella.

Nytter midla frå Leigh's legat til kafeturen som ikkje blei gjennomført i vår grunna smittesituasjonen.

Sak 24/20 Halvårsplanen

Vedtak:

Sjå revidert halvårsplan for tider, medverknad og offer.

Kaféen startar ikkje opp att før smitterestriksjonane er over.

Sak 25/20 Innspelsmøte om ny kyrkjeleg organisering

Vedtak:

Berre Siv Jane har hatt høve til å følgje nokre av møta på nett. Mikael vi orientere om saka i neste møte.

Sak 26/20 Ymse

1) Mikael: Reorganisering av gudstnesteordninga: Frist framlegg til ny ordning 1. pinsedag 2021. Tilbod om å sitje i felles gudstnesteutval med Stedje, gjerne ein frå soknerådet. Forslag om at Hanne Haugen kan vere med i utvalet. Evnt. kan Berit følgje med frå sidelina, men har ikkje høve til å delta i møter.

2) Mikael syter for at opplysningar om gudstenester, andakt ol som gjeld Fjærland, kjem inn på nettsida.

Orienteringssaker:

Sak 27/20 Oppsummering/kort orientering frå møter i Fellesråd, Trusopplæringsutvalet og Diakoniutvalet

Fellesrådet 21/9: Synfaring Leikanger kyrkje og kyrkjegard, der brannsikring og nytt bårehus er mellom dei viktigaste tiltaka.

Fellesrådsleiar og kyrkjeverje fekk fullmakt til å inngå ny leigeavtale med stiftinga Stedjetunet. Innflytting før jul!

Fleire økonomisaker der budsjettinnspel og investeringsbehov for perioden 2021-24 er greitt å opplyse om:

For 2021 ligg Fjærland inne med 100 000 til lynvern, samt 100 000 til skifte til ledflomlys og betre grusgangar. I 2022 300 000 til parkeringsplass. I 2023 500 000 til varmestyringstiltak, og i 2024 brannsikring, men ingen sum.

Neste møte: Tirsdag 3/11 kl. 1930, Merk dag og tid!

For Fjærland sokneråd, Berit Orheim, skrivar